

Alver kommune
kjartan,medaas@alver.kommune.no

Hella, 21. november 2022.

LØYVE TIL DELING AV NAUSTETOMT - GBNR 433/103 HELLA INDRE - MED KRAV OM RETT TIL PARKERING

Eg viser til dykkar vedtak om løyve til deling av naustetomt - gbnr 433/103 Hella indre, der de gjorde følgjande vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til frådeling av naustetomt frå gbnr 433/103 med grenser som skildra i skyldeling halden 09.09.1970.

på følgjande vilkår:

1. Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
2. Det må seinast samstundes med fullføring av oppmålingsforretning leggjast fram erklæring om rett til parkering for den nye grunneigedomen (naustetomta).

Mitt svar:

I skyldelingsdokumentet er vegeretten skildra, men det fantes ikkje noka veg til naustvågen då, slik at rett til parkering var då irrelevant.

Men i 1994 blei veg til Naustvågen bygd og i underlagsdokumenta for bygging av denne vegen finn ein m.a.:

Hovud brukseigarane på Hella indre vedtok på møte den 9. oktober 1993 at veg nr. 3 Sjøvegen, jfr. utskiftingsprotokollen av 1892, skal byggjast.

Hovud brukseigarane på møtet fann det naturleg at andre med naust eller eigedom rundt Naustvågen også bør delta i finansieringa av vegen. Desse eigarene er Rasmus Grindheim, Birger Nøttveit, Randi Thorbjørnsen (Åmennaustet), Bjarne Hella (Storhøyen), Nils M. Harkestad og Gunnvald Hella, dvs. 6 stk.

I vedlagte dokument av 17. mars 1994 står m.a. følgjande:

Vedlagde liste viser kven som deltek i finansieringen av vegen. Som de ser deltek dei 14 hovud brukseigarane pluss dei 6 med rettar ved sjøen rund Naustvågen. I tillegg deltek Bjarne Hella for vegutløysing fram til hytta si.

Eigar av Gbnr 433/103 var då Gunnvald Hella.

Eg har ingen erklæring, korkje frå grunneigarane eller frå Tore Morland, som no er eigar av området nedst i Hermansdalen som er utlagt til parkeringsplass, om rett til parkering. Men eg har brukt parkeringsplassen i nærare 30 år og har heile tida rekna med at dette er ein rett eg har betalt for.

Eg sender kopi av dette brevet til Tore Morland og talsmannen for grunneigarane v/Oyvind Eikefet og ber om at dei gjev melding til dykk dersom dei er usamde i mitt krav om rett til parkering i Naustvågen for naustetomten.

Med helsing

Gunnvald Hella (far til Karl-Gustav Hella)
etter fullmakt

vedlegg: Informasjonsskriv av 17. mars 1994.

kopi til Tore Morland og Øyvind Eikefet